

Prop. 26 S

(2015–2016)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringer i statsbudsjettet 2015 under Landbruks- og matdepartementet

*Tilråding frå Landbruks- og matdepartementet 20. november 2015,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing

Landbruks- og matdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag til endringar i løyvingar under enkelte kapittel og postar i statsbudsjettet for 2015.

2 Framlegg til endringar i løyvingar under kapittel og postar i 2015

Kap. 1115 Mattilsynet

Post 01 Driftsutgifter

For å sikre realistisk budsjettering på kap. 4115, post 02, der det er ei meirinntektsfullmakt knytt til posten, blir det gjort framlegg om å auke kap. 4115, post 02 med 4 mill. kroner mot tilsvarende auke av kap. 1115, post 01.

Kap. 4115 Mattilsynet

Post 02 Driftsinntekter og refusjonar mv.

For å sikre realistisk budsjettering blir det gjort framlegg om å auke posten med 4 mill. kroner, med tilsvarende auke av kap. 1115, post 01. Auken på posten skuldast blant anna auka oppdragsinntekter og inntekter frå arbeid Mattilsynet gjer for andre.

Kap. 1136 Kunnskapsutvikling m.m.

Post 50 Kunnskapsutvikling, formidling og beredskap, Norsk institutt for bioøkonomi

Norsk institutt for bioøkonomi har fått i oppdrag å greie ut og gi ny kunnskap om korleis rovviltbestandane har påverka utviklinga i landbruket. For å dekkje kostnadene ved arbeidet blir det gjort framlegg om å styrkje posten med 1 mill. kroner som blir overført frå kap. 1137, post 50.

Kap. 1137 Forsking og innovasjon

Post 50 Forskingsaktivitet, Noregs forskingsråd

Grunna oppdraget Norsk institutt for bioøkonomi skal gjennomføre, jfr. omtale under kap. 1136, post 50, blir det gjort framlegg om å redusere posten med 1 mill. kroner, som blir overført til kap. 1136, post 50.

Kap. 1138 Støtte til organisasjonar m.m.

Post 71 Internasjonalt skogpolitisk samarbeid – organisasjonar og prosessar, kan overførast

Behovet for midlar på posten har i 2015 vore noko mindre enn anteke. Det blir difor gjort framlegg om å omdisponere 1,1 mill. kroner til ei styrking av skogplanteforedling under kap. 1149, post 73.

Kap. 1141 Kunnskapsutvikling m.m. innan miljø- og næringstiltak i landbruket

Post 52 Kunnskapsutvikling og kunnskapsformidling om arealressursar, skog og landskap

Oppgåver knytte til kompetansesenter for skogbruksplanlegging blei tidleg i 2015 flytta frå Norsk institutt for skog og landskap til Landbruksdirektoratet. For å følgje opp flyttinga av oppgåvene blir det gjort framlegg om å redusere kap. 1141, post 52 med 1,5 mill. kroner, mot tilsvarende auke på kap. 1142, post 01 (jf. omtale under kap. 1142, post 01).

Kap. 1142 Landbruksdirektoratet

Post 01 Driftsutgifter

Korreksjon av meirverdiavgift

Departementet gjer framlegg om å auke kap. 1142, post 01 med 4,6 mill. kroner for å korrigere for feil mva-uttrekk.

Skogbruksplanlegging

Landbruksdirektoratet overtok tidleg i 2015 oppgåver knytte til kompetansesenter for skogbruksplanlegging som tidlegare låg ved Norsk institutt for skog og landskap. Det blir gjort framlegg om at flyttinga av oppgåvene blir følgde opp ved å redusere kap. 1141, post 52 med 1,5 mill. kroner, mot tilsvarende auke på kap. 1142, post 01 (jf. omtale under kap. 1141, post 52).

Omstilling og utvikling av fylkesmannen som regional reindriftsmyndigheit

For å dekkje inn auka utgifter knytte til omstilling og utvikling av fylkesmannen som regional reindriftsmyndigheit gjer departementet framlegg om å omdisponere 1,9 mill. kroner frå kap. 1142, post 80 til kap. 1142, post 01.

Totalt blir det gjort framlegg om ein auke på post 01 tilsvarende 8 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Grunna justering av meirverdiavgift er det behov for å korrigere løyvinga på posten. Det blir gjort

framlegg om at løyvinga over kap. 1142, post 45 blir redusert med 0,6 mill. kroner.

Departementet legg opp til at posten også kan nyttast til kjøp av utstyr i samband med flytting av lokale for Landbruksdirektoratet si avdeling i Alta.

Post 73 Tilskott til erstatningar m.m., overslagsløyving

Det blir gjort framlegg om at posten blir auka med 10 mill. kroner. Auken skuldast i hovudsak større utbetalningar til lovbestemde erstatningar, spesielt knytta til påvisingar av antibiotikaresistente bakteriar (MRSA) i svinebuskar. Utbetalningar til den nye kompensasjonsordninga, som skal dekkje delar av produksjonstapet ved nedslakting grunna MRSA, er venta å bli totalt 4,5 mill. kroner i 2015.

Post 80 Radioaktivitetstiltak, kan overførast

I tråd med omtalen under kap. 1142, post 01 blir det gjort framlegg om at kap. 1142, post 80 blir redusert med 1,9 mill. kroner.

Kap. 1148 Naturskade – erstatningar

Post 71 Naturskade, erstatningar, overslagsløyving

Løyvinga for 2015 er på 171,8 mill. kroner. Tilsegn om erstatning for naturskadar blir gitt med ein gjenopprettingsfrist på 3 år. Utbetaling av erstatning skjer først når skaden er gjenopprett.

På bakgrunn av oppdaterte prognosar for utbetalningar i 2015 og tilsegn som ikkje er innfridde per 31.12.2015, gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga på posten med 15 mill. kroner, og å auke tilsegnfullmakta med 19,5 mill. kroner til 101 mill. kroner.

Kap. 1149 Verdiskapings- og utviklingstiltak i skogbruket

Post 73 Tilskott til skog-, klima- og energitiltak, kan overførast

Det blir gjort framlegg om å styrkje posten ved flytting av 1,1 mill. kroner frå kap. 1138, post 71, jf. omtale under denne. Midlane skal nyttast til auka innsats innanfor skogplanteforedling.

Kap. 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.*Post 71 Tilskott til erstatningar m.m., overslagsløyving*

Posten dekkjer erstatning for avlingsskade. Basert på gjeldande prognosar ligg det an til eit forbruk på 35,1 mill. kroner i 2015, som er 14 mill. kroner mindre enn løyvinga på posten. 2014 var eit bra år for jordbruket med mindre klima-relaterte avlingsskadar enn i eit normalår.

Departementet gjer framlegg om å redusere posten med 14 mill. kroner til 35,1 mill. kroner.

Post 73 Pristilskott, overslagsløyving

Basert på gjeldande prognosar ligg det an til eit overforbruk på posten tilsvarende 72,6 mill. kroner. Prognosane viser eit overforbruk både på pristilskott mjølk, kjøt og frakttilskott kraftfôr.

Departementet gjer framlegg om ei auka løyving på posten med 72,6 mill. kroner til 2 623,3 mill. kroner.

Kap. 4100 Landbruks- og matdepartementet*Post 30 (Ny) Husleige*

Departementet har inngått husleigeavtale med Veterinærmedisinsk Oppdragssenter AS (Veso). Samla vil dette gi ei inntekt på 1,3 mill. kroner i 2015, som det blir gjort framlegg om at blir budsjettert på kap. 4100, ny post 30.

Kap. 4115 Mattilsynet*Post 01 Gebyr m.m.*

Revidert anslag for prognosen på posten er 150,9 mill. kroner. Dette er 11 mill. kroner lågare enn saldert budsjett. Forventa mindreinntekt skuldast seinare innføring enn venta ved framlegg i statsbudsjettet for 2015 av nytt/endra regelverk for gebyr innan områda forsøksdyr og plantevernmiddel.

Det blir difor gjort framlegg om å redusere kap. 4115, post 01 med 11 mill. kroner.

Kap. 4150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.*Post 85 Marknadsordninga for korn*

Marknadsprisane i verda på protein og feitt er venta å halde seg så høge at det blir heilt ubetydelege prisutjanningsbeløp på kraftfôrråvarer i 2015.

Departementet gjer framlegg om å redusere løyvinga på posten med 29,965 mill. kroner til 35 000 kroner.

Kap. 4162 Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap*Post 90 Avdrag på lån*

I samband med kjøpet av skog frå Borregaard i 2010 fekk Statskog SF eit ansvarleg lån frå staten. Foretaket står fritt til å betale avdrag ut over eit årleg minimumsavdrag på 10 mill. kroner. Departementet forventar at Statskog SF betalar eit avdrag på 34 mill. kroner i 2015, og gjer framlegg om å auke kap. 4162, post 90 med 24 mill. kroner.

Kap. 5651 Aksjar i selskap under Landbruks- og matdepartementet*Post 85 Utbytte*

Grunna høgare utbytte enn budsjettert, blir det gjort framlegg om ein auke på posten tilsvarende 28,2 mill. kroner.

Dette skuldast vedtak i Veso si generalforsamling om auke i det ordinære utbyttet og eit ekstraordinært utbytte. Vedtaket om ordinært utbytte gir staten 2,7 mill. kroner meir enn dei budsjetterte 5 mill. kroner, medan vedtaket om ekstraordinært utbytte gir staten ytterlegare 25,5 mill. kroner i 2015.

Bakgrunnen for det ekstraordinære utbyttet er, som orientert om i Prop. 1 S (2015–2016) for Landbruks- og matdepartementet, at selskapa Akvaforsk Genetics Center AS og Akvaforsk Genetics Center INC er seld i 2015.

Totalt blir løyvinga på posten 33,2 mill. kroner i 2015.

Landbruks- og matdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2015 under Landbruks- og matdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2015 under Landbruks- og matdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2015 under Landbruks- og matdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2015 blir det gjort følgjande endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Nemning	Kroner
1115		Mattilsynet	
	01	<i>Driftsutgifter</i> , blir auka med..... frå kr 1 196 972 000 til kr 1 200 972 000	4 000 000
1136		Kunnskapsutvikling m.m.	
	50	Kunnskapsutvikling, formidling og beredskap, Norsk institutt for bioøkonomi, blir auka med frå kr 111 069 000 til kr 112 069 000	1 000 000
1137		Forsking og innovasjon	
	50	Forskningsaktivitet, Noregs forskingsråd, blir redusert med frå kr 258 662 000 til kr 257 662 000	1 000 000
1138		Støtte til organisasjonar m.m.	
	71	Internasjonalt skogpolitisk samarbeid – organisasjonar og prosessar, <i>kan overførast</i> , blir redusert med..... frå kr 4 170 000 til kr 3 100 000	1 070 000
1141		Kunnskapsutvikling m.m. innen miljø- og næringstiltak i landbruket	
	52	Kunnskapsutvikling og kunnskapsformidling om arealressursar, skog og landskap, blir redusert med frå kr 52 548 000 til kr 51 048 000	1 500 000
1142		Landbruksdirektoratet	
	01	<i>Driftsutgifter</i> , blir auka med frå kr 218 929 000 til kr 226 929 000	8 000 000
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 6 827 000 til kr 6 227 000	600 000
	73	Tilskott til erstatningar m.m., <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 45 610 000 til kr 55 610 000	10 000 000
	80	Radioaktivitetstiltak, <i>kan overførast</i> , blir redusert med..... frå kr 2 500 000 til kr 600 000	1 900 000

Kap.	Post	Nemning	Kroner
1148		Naturskade – erstatningar	
	71	Naturskade, erstatningar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 171 800 000 til kr 156 800 000	15 000 000
1149		Verdiskapings- og utviklingstiltak i skogbruket	
	73	Tilskott til skog-, klima- og energitiltak, <i>kan overførast</i> , blir auka med.... frå kr 17 970 000 til kr 19 040 000	1 070 000
1150		Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	
	71	Tilskott til erstatningar m.m., <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med..... frå kr 49 100 000 til kr 35 100 000	14 000 000
	73	Pristilskott, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med..... frå kr 2 550 707 000 til kr 2 623 300 000	72 593 000

Inntekter:

Kap.	Post	Nemning	Kroner
4100		Landbruks- og matdepartementet	
	30 (ny)	Husleige, blir auka med frå kr 0 til kr 1 305 000	1 305 000
4115		Mattilsynet	
	01	Gebyr m.m., blir redusert med frå kr 161 886 000 til kr 150 886 000	11 000 000
	02	Driftsinntekter og refusjonar mv., blir auka med frå kr 5 509 000 til kr 9 509 000	4 000 000
4150		Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	
	85	Marknadsordninga for korn, blir redusert med frå kr 30 000 000 til kr 35 000	29 965 000
4162		Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap	
	90	Avdrag på lån, blir auka med..... frå kr 10 000 000 til kr 34 000 000	24 000 000
5651		Aksjar i selskap under Landbruks- og matdepartementet	
	85	Utbytte, blir auka med frå kr 5 000 000 til kr 33 150 000	28 150 000

Fullmakt til å pådra staten forpliktingar ut over gitte løyvingar

II

Tilsegnsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2015 kan gi tilsegn om tilskott utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1148		Naturskade – erstatningar	
	71	Naturskade, erstatningar	101,0 mill. kroner
